



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2833 - 16/8328

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
22.03.2016

Melding om vedtak/Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 238/26 Eknes indre

Informasjon:

Eigedom: 238/26
Eigar/klagar: Henriette Johanne Meyer

Saka gjeldt:

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av eit uthus på 15-20 m² på ein ubebygd eigedom. Det er søkt om dispensasjon frå byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl § 1-8, og frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel.

Det vart gjeve avslag på søknaden av Plan- og miljøutvalet i sak 164/15 den 02.12.2015.

Vedtaket vart påklaga av tiltakshavar Henriette Meyer.

I møte i Plan- og miljøutvalet den 17.02.2016 vart saka utsatt pga. at utvalet ønska synfaring på eigdommen.

Planstatus

Eigdommen ligg i område avsett til LNF i kommuneplanen sin arealdel. Eigdommen ligg og innanfor 100 meters beltet langs sjø i pbl § 1-8.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 16.03.2016, der følgjande vedtak vart fatta:

Plan- og miljøutvalet gjev søkjar medhald i søknad om dispensasjon vedrørende oppføring av uthus på gbnr 238/26 på inntil 20 m².

Vedtaket i sak 164/15 vert oppheva og søknad om dispensasjon frå LNF og 100 m-beltet fra sjø, for oppføring av uthus godkjennes. Strandsonevernet vert ikkje sterkt råka av tiltaket det er søkt om og heller ikkje trekt linje for funksjonett strandsoner. Det er ikkje en del av eit samanhengande tur- og friluftsområde.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Benjamin Hicks på e-post Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 54 01.

For innsyn i saksdokumenta vert det vist til Lindås kommune sitt e-innsyn, her er lenke til saka:
http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015002833&

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende oppføring av uthus - gbnr 238/26 Eknes Indre
Søknad om dispensasjon - 238/26 Eknes indre - LNF
Situasjonskart / kart
Kart og målebrev
Bilete
Kart
Foto, skjøyte, mm
Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av uthus - Gbnr 238/26 Eknes indre
Oversiktskart - kommuneplanen - 238_26
Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF - gbnr 238/26 Eknes indre

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Henriette Meyer

Postboks 7310 5020
Starefosbakken 5019
13 C

Bergen
BERGEN